

## **Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Høyring av fellesrapport**

Forslag til fellesrapport vert med dette sendt ut på offentleg høyring med med frist **til 1. oktober** til å koma med merknader.

Planarbeidet vert gjennomført på kommuneplannivå som kommunedelplan etter kapittel 11 i Plan- og bygningslova, og omfattar i hovudsak 100-metersbeltet langs sjøen og 50m ut i sjø frå strandlinna.

Kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Fusø er med i plansamarbeidet. Fullstendig kunngjering er lagt ut på internetsidene til Samarbeidsrådet  
<http://www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no/prosjekt/strandsoneprosjekt> og deltagande kommunar.

Den interkommunale strandsoneplanen er samansett av ein fellesdel og kommunedelplanar for kvar kommune. Det er fellesdelen som no vert lagt ut på høyring. Fellesdelen inneheld målsettingar, registreringar m.m. og utkast til mal for felles føresegner som kommunane skal leggja til grunn ved utarbeiding av seinare kommunedelplanar/kommuneplanar.

Du kan få nærmere opplysningar ved å venda deg til Samarbeidsrådet tlf. 53 45 67 90 eller Bømlo kommune v/ teknisk sjef Toralf Meling 53423000. Merknader vert å senda til Samarbeidsrådet i Sunnhordland, postboks 444, 5403 Stord innan 1.okt. 2015, eller pr e-post til [firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no](mailto:firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no) innan 1.okt. 2015.

Med helsing

**Njål G Slettebø**

Landbruksjef



**Bømlo kommune**

Tlf : + 47 53 42 31 32

Rådhuset

Leirdalen 1, | 5430 Bremnes

[www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no)